



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
13.02.2015	9455/2015	Lisbeth Nervik

Saksnr	Utval	Møtedato
	Regional- og næringsutvalet	03.03.2015
	Fylkesrådmannens tilråding	12.03.2015
	Fylkesutvalet	23.03.2015

## Høyrings svar - NOU 2014:16 Sjømatindustrien

### Bakgrunn

Ved kongeleg resolusjon 22. mars 2013 vart det oppnemnd eit utval til å utgreie rammevilkåra til sjømatindustrien. Utvalet har hatt 10 medlemmar, og vart organisert som ein NOU (Norges offentlige utredninger). Resultatet av arbeidet er NOU 2014:16 Sjømatindustrien, Utredning av sjømatindustriens rammevilkår. Høyringsfristen er satt til 30. april 2015.

### Mandat:

- Gå gjennom moglegheitene for ein konkurransedyktig sjømatindustri i Noreg, både innanfor bearbeiding og sal
- Sjå på særlege utfordringar eller hinder for auka lønsemd og verdiskaping i sjømatindustrien i Noreg, både næringsspesifikke og generelle
- Føreslå tiltak for sjømatindustrien som kan bidra til at fiskeressursane vert brukt på ein måte som bidreg til høgst mogleg verdiskaping gjennom heile verdikjeda
- Føreta ei vurdering av regionale verknader

Utvalet var særleg bedt om å sjå på forhold som kan vere til hinder for eller kan bidra til auka lønsemd og verdiskaping. Berekraftig produksjon skulle leggjast til grunn i marknadsmessige forhold. Utvalet skulle utgreie økonomiske, administrative og andre vesentlege konsekvensar av sine forslag i samsvar med Utgreiingsinstruksen.

Utreiinga er delt i tre delar. Del I (kapittel 1 og 2) gjev bakgrunn for arbeidet, del II (kapittel 3-9) tek for seg rammevilkåra for sjømatnæringa og del III (kapittel 10-16) omfattar analyser, vurderingar og forslaga til tiltak frå utvalet.

Vurderingane til utvalet kan summerast slik:

### 1. Innovasjonsevne og innovasjonspolitik (Kapittel 11)

Utvalet framheld viktigheita av at sjømatindustrien har moglegheit til å innovere på alle område, herunder vertikal og horisontal økonomisk organisering. Utvalet meiner også at næringa må ha tilstrekkeleg fridom til å velje lokalisering av aktivitetar og produksjon innanfor berekraftige rammer. Samtidig er det behov for å styrke forskinga når det gjeld kvalitet på sjømatråstoffet gjennom heile verdikjeda, t.d. automatisering av prosessane både i flåte- og foredlingsleddet. Vidare må myndighetene legge til rette for etablering av gode samarbeidsarenaer for aktørane i sjømatindustrien

I høve endring av førstehandsomsettinga for villfisk jf. Fiskesalslaglova meiner vi ein må la den nyleg vedtekne lova verke ei stund før den vert evaluert. Dette var for øvrig konklusjonen til mindretalet i utvalet.

Angående vekst i lakseproduksjon viser vi til høyringsvar - Melding til Stortinget om vekst i norsk laks- og ørretoppdrett (RN-86/14 og U-135/14) og høyringsvar - Forslag om oppheving av forskrift om fordeling og avgrensing av produksjonskapasitet i lakseoppdrettsnæringen (RN-68/14 og U-103/14).

#### **Forslag til vedtak:**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til tiltaka som er knytt til utdanning, kunnskapsproduksjon, FoU- og marknadsføringsaktivitetar.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er like viktig med godt utdanna fagarbeidarar med kompetanse frå vidaregåande- og fagskule som høgskule- og universitetskandidatar for sjømatindustrien.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til tiltaka som er knytt til kontroll og tilsyn med fangst, førstehandsomsetting, mattryggleik/hygiene, arbeidsforhold og -vilkår, miljø m.m.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til fritt fartøys- og reiskapsval for fiskeflåten. Det føreset at dei regionale bindingane som har hatt til formål å hindre overdraging av fiskefartøy mellom fylker/regionar vert oppheva ved innføring av dette tiltaket.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune er negativ til forslaget om å omsette kvotar utan kvotetak per fartøy (oppheving av strukturkvoteordninga).
6. Møre og Romsdal fylkeskommune er imot forslaget om å endre aktivitetskravet i §6 i deltakarlova for kun å gje tilgang til sjømatindustrien til å eige fiskekvoter.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til å avvikle leverings-, bearbeidings- og aktivitetsplikta.
8. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det ikkje er behov for ei endring i førstehandsomsetting for villfisk jf. Fiskesalslaglova per i dag.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Bergljot Landstad  
regional- og næringsssjef